

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Trondheim, 21.09.2021

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):

Sakshandsamar:

«REF»

2020/13710

Johan Danielsen

Avgjerd i klagesak - klage på løyve til utsetting av japanlerk (*Larix kaempferi*) i på gnr./bnr. 47/24 i Strand kommune, Rogaland fylke

Vi viser til klage dagsett 23.09.2020 varsla 08.09.2020 frå Naturvernforbundet, SABIMA og WWF (klagarane) på Statsforvaltaren i Rogaland sitt vedtak av 22.07.2020 kunngjort i Miljøvedtaksregisteret 04.09.2020.

Vedtak

Miljødirektoratet stadfester Statsforvaltaren i Rogaland sitt vedtak gjort 22.07.2020, jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd. Karl Johan Jørmeland får løyve til utsetting av 8000 japanlerk (*Larix kaempferi*) til skogproduksjon på dei to felta på samla 40 daa på områda som er kartfesta i søknad, på gnr./bnr. 47/24 i Strand kommune, jf. forskrift 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål §§ 5 og 7. Vilkåra i løyve frå Statsforvaltaren gjeld.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Sakens bakgrunn

Karl Johan Jørmeland (søker) søkte 05.09.2019 om løyve til å sette ut 8000 japanlerk (*Larix kaempferi*) på to felt på til saman 40 daa på gnr./bnr. 47/24 i Strand kommune. Statsforvaltaren i Rogaland ga 22.07.2020 løyve til utplantinga, vedtaket ble publisert i Miljøvedtaksregisteret 04.09.2020.

Naturvernforbundet, SABIMA og WWF klaga på vedtaket den 23.09.2020. Statsforvaltaren opprettheldt vedtaket og sendte 05.11.2020 klagesaka til endeleg avgjerd hos Miljødirektoratet. Det ble avdekket at nødvendig fullmakt frå grunneigar til kommunen som sto som søkar mangla. Miljødirektoratet tok imot slik fullmakt 06.09.2021.

Merknader frå klager

Klugarane meiner at vedtaket om å gje løyve til utsetting er feil og må gjerast om til avslag på grunn av:

- Arealet som er søkt planta til er ikkje godt nok undersøkt, det manglar kartlegging av:
 - Naturtypar, dette er truleg seminaturleg eng som er klassifisert som sårbar
 - Artar, det finst ikkje noko i Artskart i området

Postadresse: Postboks 5672, Torgarden, 7485 Trondheim | **Telefon:** 73 58 05 00

E-post: post@miljodir.no | **Internett:** www.miljodirektoratet.no | **Organisasjonsnummer:** 999 601 391

Besøksadresser: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim | Grensesvingen 7, 0661 Oslo

- Synfaring ble gjort 24.06.2020, ei tid på året da det ikkje er mogleg å oppdage raudlista beitemarksopp
- Det er tre registreringar av den kritisk trua åkerrikse som er avhengig av open grasmark nær område. Området skulle vore vurdert med tanke på åkerrikse
- Vurdering og avvegingar knytte til faren for spreiring er for dårleg og det er særleg fare for langdistansespreiring og sekundærspreiring frå denne
- Påstanden om at spreiring er hindra av at japanlerk er lyskrevjande er feil, en må legge til grunn at den har same spreiringsevne som europalerk
- Om søker har rett i påstand om at det ikkje veks tre på området, vil det venteleg beitemarka halde seg open om det ikkje plantast lerk der
- Det vil venteleg være umogleg å fjerne spreiring på alle eigedomar i området kring utsettingsområdet
- Søker har dårleg forståing i høve til faren for spreiring av lerk i området og synfaringssrapporten tyder på at dett alt er et problem

Samla sett meiner klagarane at det ikkje er nok kunnskapen om spreiring av lerk i området og om naturmangfaldet til å gje løyve til denne utplantinga.

Statsforvaltarens vurdering

Søknadshandsaming

I løyve gjeven 22.07.2020 og i førebuande sakshandsaming:

- Områda som det er søkt om planting av japanlerk på er prega av attgroing og slik lite eigna leveområde for åkerrikse og beitemarksopp
- Plantefeltet er omgitt av fleire felt med sitka- og japanlerk og vil gje mindre spreiring frå dette feltet
- Disse plantefelta vil bety meir for spreiring av japanlerk enn dette feltet
- Det er ikkje verneområde eller raudlista arter som er vurdert som sårbare for spreiring av japanlerk nær utsettingsområdet. Det er nær to kilometer frå utsettingsområdet til næraste viktige naturtype (Naturbeitemark som er klassifisert som "viktig – verdi B etter DN-håndbok 13)

Statsforvaltaren fann at søknaden kunne godkjennast, med disse vilkåra:

- *Søker plikter å begrense spredning av japanlerk fra utsettingsområdet. Spredning innen egen eiendom må fjernes av søker. Ved spredning til andre eiendommer må søker om mulig innhente grunneiers samtykke og deretter fjerne spredningen. Hvis eier av annen eiendom ikke tillater fjerning, må spredningen meldes til Statsforvaltaren.*
- *Ved en eventuell overdragelse av eiendom må ny grunneier informeres om tillatelsen og vilkårene som er satt.*
- *Det skal ikke settes igjen trær (frøtrær) for naturlig foryngelse når bestandet hogges.*
- *Virksomheten/søker skal ha internkontroll. Internkontroll er ordninger som sikrer at søker og eventuelt ansatte har kunnskap om reglene i forskriften, og rutiner som sikrer at forskrift og vilkår blir overholdt. Internkontroll skal vises til ansvarlig myndighet ved forespørsel.*
- *Utplanting må være fullført innen 31.12.2027*

Førebuande klagesakshandsaming

Statsforvaltaren kommenterer klagen slik:

- Både beitemarksopp og åkerrikse er avhengig av ope grasmark. Synfaringa viste at arealet som er søkt planta til ikkje blir halde i hevd som beite og er prega av attgroing. Eit avslag på søknaden ikkje vil kunne hindre at arealet ytterlegare forringast som eigna habitat for beitemarksopp eller åkerrikse

- Registreringar av beitemarksopp ikkje står i samsvar med kva som er rimeleg ut frå saken sin karakter, jf. § 8 i naturmangfaldlova
- Eksakt alder på nærliggande bestand av utanlandske treslag og kva planar grunneigarane har for bestanda eller planar framtidige grunneigarar har for skogproduksjon på området er ikkje kjent. Difor er det i mindre grad kjent om plantinga faktisk vil bidra til å auke frøpresset
- Det er mindre kunnskap om korleis plantinga vil kunne bidra til langdistansespreiing og sekundærspreiing. Men det er ikkje kjent om risikoen for vesentleg skade på naturmangfaldet aukar betydeleg, og føre-var-prinsippet skal ikkje til brukast
- Statsforvaltaren vurderer at det er henta inn tilstrekkeleg informasjon om plantearealet og naturverdiar i området til å kunne fatte eit vedtak. Vurderingane er basert på synfaring og tilgjengeleg kunnskap og kunnskapsgrunnlaget er jamt over er tilstrekkeleg jf. § 8 i naturmangfaldlova
- Dei omsyna som etter naturmangfaldlova og forskrift om utsetting av utanlandske treslag skal takast er tekne.

Statsforvaltaren finn ikkje at klagen har med seg vesentlege nye moment som kan gi grunnlag for å endre avslag av 22.07.2020 og opprettheld dette.

Miljødirektoratet si sakshandsaming og vurdering

Rettsgrunnlaget

Formålet med forskrift 25. mai 2012 nr. 466 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål (forskrifta) er å hindre at utsetting av utanlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følger for naturmangfaldet, jf. § 1. Etter § 5 er det krav om løyve til utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål. Løyve kan berre bli gitt dersom det ikkje er grunn til å tru at utsettinga vil føre til vesentlege uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Dersom det ikkje er grunn til å tru at utsettinga vil føre til vesentlege uheldige følgjer, skal spørsmålet om løyve skal bli gitt eller ikkje avgjerast etter ei skjønsvurdering, der omsynet til uheldige følger for det biologiske mangfaldet skal vegast opp mot andre interesser. Det skal leggast særleg vekt på om treslaget og eventuelle følgjeorgansimer medfører risiko for det biologiske mangfaldet. Prinsippa i nml. § 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer for vurderinga, jf. nml. § 7.

Kunnskap om japanlerk

Japanlerk er i Artsdatabanken si risikovurdering i 2018 kategorisert med høg risiko (HI). En årsak til den høge risikoplasseringa er at japanlerk viser tydeleg spreiding inn i kystlynghei, kulturpåverka tørre areal, ulike opne naturtypar og forstyrta mark. I slik område kan japanlerka danne svært tette bestand, endre naturtypen og fortrenge anna naturmangfald. Japanlerk er det treslaget med flest registrert forvilla førekomst i Artsdatabanken sin Fremmedartsbase. Kongleproduksjonen hos japanlerk begynner i ung alder, gjerne hjå ca. 20 år gamle trær. Produksjonen av frø er stor, og arten kan ha gode kongleår med 3-5 års mellomrom. Arten har dårleg forynging i svært skuggefull skog, men etablerer seg godt på mineraljord og tynne mosedekker, dels i halvskygge. De fleste dokumenterte naturlig spreidde tre står innanfor 200 m frå morbestand. I DN-utredning 8-2012 står det at grensa for kortdistansespreiing (Nygaard m. fl. 1999) er 80 meter med ei maksimal observert forynging på inntil 20 000 unge planter pr. dekar. I same utredning antakast langdistansespreiinga å kunne bli på opptil 1739 meter når vinden bles med 10 m/s og 3477 meter ved 20 m/s.

Miljødirektoratet si vurdering

Vedtaket til Statsforvaltaren ble fatta 22.07.2020, men først kunngjort i Miljøvedtaksregisteret 04.09.2020. Det ble påklaga 23.09.2020 og slik innafor tre veker frå klagar vart kjend med

vedtaket, klagen er slik rett-tidig. Miljødirektoratet finn at klagarane, Naturvernforbundet, SABIMA og WWF-Norge, har rettsleg klageinteresse. Klagen blir derfor behandla.

Japanlerk er i framandartslista frå 2018 satt i kategorien høg økologisk risiko (HI). Vi legg til grunn at arten har god spreingsevne og kan ha stor negativ effekt på naturmangfaldet.

Det er ikkje verneområde eller raudlista arter som er vurdert som sårbare for spreing av japanlerk nær utsettingsområdet. Det er nær to kilometer frå utsettingsområdet til næraste viktige naturtype (Naturbeitemark som er klassifisert som "viktig – verdi B etter DN-håndbok 13).

Naturmangfoldlovens § 8 seier at kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfald. Vi finn at kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å fatte eit grunnleggjande vedtak. Vi tillegg derfor ikkje føre var-prinsippet vekt i saken, jf. nml. § 9.

Miljødirektoratet vurderer at på tross av japanlerk har høg risiko er det liten fare for at denne utsettinga vil gjere vesentleg skade på biologisk mangfald. Løyve til utsetting kan derfor gis.

Det er dokumenterte ein del viktige naturverdiar kring utsettingsområde. Plantefelta ligg heilt inntil veg og vil ikkje krevje investeringar i veg for å få ut tømmeret. Statsforvaltaren peiker på at japanlerk vil gje monaleg betre økonomi enn norsk gran.

Det er mange bestand med japanlerk i området kring plantefeltet. Samla belastning på naturverdiane i området, som ligg i til dels stor avstand frå det, vil slik ikkje auke vesentleg som følgje av utplantinga.

Miljødirektoratet legg derfor til grunn at utplanting på feltet på gnr./bnr. 47/24 i Strand kommune ikkje inneber for stor risiko for skade på naturmangfaldet når en veg det opp mot nytta av tiltaket.

Direktoratet finn ikkje grunn til å endre vilkår frå Statsforvaltaren om frist for utsetting. Et skogbestand vil etter alt å døme stå i meir enn 50 år. Det er liten forskjell på om løyvet til utsetting gjeld i to eller sju år i dette perspektivet.

Miljødirektoratet finn derfor ikkje grunnlag for å gjere om på Statsforvaltaren sitt vedtak og opprettheld statsforvaltaren sitt vedtak.

Helsing

Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Yngve Svarte
avdelingsdirektør

Janne Øvrebø Bohnhorst
seksjonsleder

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Statsforvaltaren i Rogaland	Postboks 59	4001	Stavanger
Strand kommune	Boks 115	4126	Jørpeland
Karl Johan Jørmeland	Dir. Poulsens gate 17	4100	JØRPELAND